

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes		14/580

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
006/2015	Formannskapet	PS	20.01.2015

Uttale frå Modalane kommune - endring av prostigrensar og omfordeling av presteressursane i Nordhordland prosti

Forslag til vedtak:

Modalen kommune rår til at Mo sokn ikkje vert overført til Hardanger og Voss prosti, men held fram i Nordhordland prosti og inngår framleis i eit samarbeid om presteressursane der.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Brev datert 05.11.14 frå Bjørgvin bispedømeråd til sokna i Nordhordland prosti og sokna i Vaksdal og Voss. **Mo sokn skal gje ein høyringsuttale til endring av prostigrensene og omfordeling av presteressursane i Nordhordland prosti. Mo sokn ønskjer at kommunen gjev ein politisk uttale i saka.**

Vurdering

Av brev famgår det at Bjørgvin bispedømeråd føreslår å endre på presteressursane i Nordhordland prosti, og overføre Mo sokn til Hardanger og Voss prosti. I den samanheng vert det føreslege ei intern omfordeling av presteressursane i Nordhordland prosti og at Mo sokn får sin prest i deling med Vaksdal. Rådmannen syner til kyrkjeverga si utgreiing av saka til Mo sokn slik det framgår av vedlegg.

Endring av prostigrensene har vore gjort også tidlegare, men då i motsatt lei for Mo sokn sin del. Framleis er det eit vist samabeid mot Vaksdal, men i hovudsak har ulike samarbeidstiltak i seinare år retta seg mot Nordhordland.

Konklusjon

Rådmannen rår til at Mo sokn held fast på noverande samarbeid med Nordhordland prosti.

Formannskapet - 006/2015

FOR - behandling:

Samrøystes

FOR - vedtak:

Modalen kommune rår til at Mo sokn ikkje vert overført til Hardanger og Voss prosti, men held fram i Nordhordland prosti og inngår framleis i eit samarbeid om presteressursane der.

Vedlegg:

Omfordeling av presteressursar i Nordhordland prosti

Mo sokn: Uttale til framlegg frå Bjørgvin bispedømeråd om overføring av Mo sokn frå Nordhordland til Hardanger og Voss p